



Haldningar og oppfatningar av haldningar til å inkludere muslimske minoritetar

Attitudes and perceptions of attitudes toward inclusion of Muslim minorities

Ingrid Kvåle Faleide

Stipendiat, Institutt for politikk og forvaltning, UiB
ingrid.faleide@uib.no

Sammendrag

Politikarar, journalistar og forvaltningstilsette er meir liberale i spørsmål om innvandring og inkludering av minoritetar enn befolkninga elles. Betyr det at dei også vurderer opinionen som meir liberal enn den faktisk er? Survey-spørsmål om inkludering av muslimske minoritetar har blitt stilt til desse fire ulike gruppene i ei koordinert datainnsamling. Halvparten av utvala har blitt spurde om si eiga meining, medan den andre halva vart bedt om å vurdere opinionen. Resultata viser at medborgarane som forventa projiserer, men det er ikkje tilfelle for politikarane, journalistane og dei forvaltningstilsette. Desse liberale undergruppene har ei realistisk oppfatning av opinionen, trass i at dei sjølv meiner noko anna enn fleirtalet.

Nøkkelord:

Inkludering, minoriteter, demokrati, holdninger, koordinert datainnsamling, (oppfatning av) opinion

Abstract

Politicians, journalists, and public administrators have more liberal attitudes in questions concerning diversity and minorities than the general population. Does that mean that they also consider public opinion to be more liberal than it is? In a coordinated survey, democratic key actors have answered the same questions about the inclusion of Muslim minorities. Half of the sample was asked about their own opinion. The other half was asked about their perception of what the majority of the population thinks. The results show that most people have a realistic perception of public opinion. This applies even when the majority of politicians, journalists and public administrators are more liberal than the majority of the population. While distrust in established democratic institutions is being given increased attention in the scholarly literature as well as the public debate, the findings presented here point in a promising direction for representative democracy.

Keywords:

Inclusion, minorities, democracy, coordinated data collection, (perception of) public opinion

Innleiing

Populistar hevdar at «elitar» ikkje forstår kva «folk» ønsker. Dei er bekymra for demokratiet. På den andre sida blir populisme omtalt som ein trussel mot demokrati. Trass all merksemda denne debatten får, veit vi lite konkret om kor sann påstanden om «verkelegheitsfjerne elitar» er. Denne artikkelen tek før seg kor god oppfatning norske medborgarar, politikarar, journalistar og byråkratar har av folkeopinjonen.

Det er viktig at kjerneaktørane i eit representativt demokrati har ei realistisk oppfatning av opinionen. Politikarane er valde for å representera befolkninga og ta politiske avgjerder på deira vegner. For å kunne gjere dette er ei god oppfatning av kva befolkninga ønsker heilt sentralt (Broockman and Skovron 2018; Sevenans, Soontjens og Walgrave 2021). Journalistar formidlar nyheter og informerer befolkninga. Sjølv om journalistar er opptekne av å vere saklege, nøytrale og upartiske i arbeidet sitt, blir nyhetsdekninga stadig skulda for å vere «venstrevridde» (Beckers et al 2021). I ein studie av opne tekstsvar i Norsk medborgerpanel kjem det fram at ein del av respondentane tenker at dei som jobbar i media ikkje representerer dei, fordi journalistar har eit anna verdssyn og ideologisk standpunkt (Knudsen et al. 2021, 2356). Forvaltningsstilsette står ikkje direkte ansvarlege for befolkninga, men dei har ei viktig rolle i utforming og implementering av politikk, og det er difor viktig at også dei har ei realistisk oppfatning av opinionen (Barrett 1995). Ideen om representativt byråkrati inneber at samansetjinga av forvaltningsstilsette bør reflektere samansetjinga av befolkninga. På denne måten skal alle grupper sine interesser bli tekne høgde for i byråkratiske avgjerder (Bradbury og Kellough 2011). Om haldningane til politikarane, journalistane og dei forvaltningsstilsette divergerer frå medborgarane sine, og særleg om dei ikkje er klare over denne forskjellen, kan det ha uheldige konsekvensar for det representative demokratiet.

Spørsmål om mangfold, minoritetar og innvandring er sentrale i dagens vestlege demokrati (Hooghe og Marks 2018; Kriesi et al. 2008). Desse diskusjonane er prega av ytre høgre si mobilisering av veljarar som er i mot globalisering og dei følgjene det har for samfunnet. Dei brukar ofte ei populistisk innramming der dei hevdar at det er ein styrande elite som ikkje forstår seg på folk (Ivarsflaten, Blinder og Bjånesøy 2019; Mudde og Kaltwasser 2017; Inglehart og Norris 2017; Kriesi 2014; Müller 2016). Motstand mot innvandring – og særleg kritiske synspunkt knytt til muslimar – har vore viktig for framveksten til høgropolistiske parti (t.d. Berntzen 2019; Bail 2014; Bleich 2011a, b). Fagleg sett er det grunn til å tru at spørsmål om inkludering av muslimske minoritetar er eit felt som set demokratisk representasjon på prøve. Årsaka er at nokre av dei personlege eigenskapane som skil politikarane, journalistane og byråkratane frå medborgarane, er nettopp dei same eigenskapane som vi veit heng saman med meir liberale haldningar i spørsmål om mangfold, minoritetar og innvandring. Særleg når det gjeld utdanningsnivå skil medborgarane seg frå dei tre andre gruppene¹. Haldningar til inkludering av muslimar tener i så måte som eit tilfelle der det er høgst sannsynleg at ein finn skilnad mellom politikarane, journalistane og byråkratane sine eigne haldningar på den eine sida, og medborgarane elles sine haldningar på den andre. Desse ulike nøkkelgruppene i demokratiet har i liten grad blitt studerte opp imot kvarandre tidlegare.

Denne artikkelen tek føre seg to hovudspørsmål. Det første gjeld kor vidt det stemmer at personane som utgjer tre av institusjonane i kjernen av det liberale representative demokrati – politikarane, journalistane og byråkratane – er meir liberale i spørsmål om inkludering av muslimske minoritetar enn medborgarane generelt. Det viser resultata at dei er. Det neste spørsmålet er: Gjer dette at politikarane, journalistane og byråkratane feiltolkar befolkninga og trur den er meir liberal enn den faktisk er? Det er ei vanleg oppfatning i sosialpsykologien at ein går ut i frå det ein synest sjølv når ein skal gjere seg opp ei mening om kva andre synest (Ross, Green og House 1977; Krueger og Clement 1994). Dette blir kalla projisering – «på seg sjølv kjenner ein andre». Resultata som blir lagde fram her, viser at sjølv om der er

1. Sjå fordeling på bakgrunnsvariablane som blir drøfta i denne artikkelen i introduksjonskapittelet til dette spesialnummeret (Fimreite og Ivarsflaten 2022, Tabell A1).

teikn til projisering, er både politikarane, journalistane og byråkratane klare over at der er skilnader. Spørsmåla som blir analyserte i denne artikkelen, set mange av politikarane, journalistane og dei forvaltningstilsette på ei vanskeleg prøve. Likevel skil dei fleste mellom sine eigne haldningar og opinionen i befolkninga generelt. Det er eit godt teikn for det norske demokratiet.

Haldningar til inkludering

«Inkludering» slik det er forstått her, følgjer Ivarsflaten og Sniderman (2022) si tilnærming, som presentert i *The Struggle for Inclusion*: Det inneber både respekt for muslimar og andre minoritetar sine kulturar, samt vilje til å la minoritetar vere del av den felles nasjonale identiteten. På den eine sida kan respekt for ein annan kultur aleine føre til segregering, og på den andre sida kan ønske om å innlemme ei gruppe med ein annan kultur i sin eigen føre til assimilering. Inkludering krev ein kombinasjon av respekt for skilnader og vilje til å innlemme i ein og same overordna identitet (2022, s. 4).

Når vi snakkar om inkludering av muslimar i Norge i dag, siktar vi stort sett til ei gruppe med innvandrarbakgrunn. Anten har dei sjølv flytta til Norge, eller så gjorde foreldra deira det (Østby og Dalgard 2017). Dette er ein av grunnane til at det er sterkt empirisk samanheng mellom haldningar til innvandrarar, på den eine sida, og haldningar til inkludering av muslimske minoritetar, på den andre². Studiar som har evaluert dette forskingsfeltet, trekk fram at det gjennomgåande er ein tendens til at dei som er liberale i spørsmål knytt til innvandring og inkludering av minoritetar har høgare utdanning, har faste og trygge jobbar, er busette i urbane område, og er yngre enn dei som har meir konservative haldningar i slike spørsmål. Ideologisk plasserer dei som vil ha meir restriktiv innvandringspolitikk seg ofte til høgre på den politiske venstre-høgre aksen (Ceobanu og Escandell 2010, s. 319-321; Dražanová 2022, s. 90-91).

Haldningar blant folkevalde, journalistar og forvaltninga blir som regel diskuterte i separate artiklar, og sjeldan i samanheng. Til ein komparativ studie som denne er det difor ikkje mykje eksisterande forsking å basere hypotesar om skilnader mellom dei på. Forventningane til korleis dei vil skilje seg frå kvarandre er baserte på det vi veit om karakteristikkane til individua i dei tre undergruppene. Når det gjeld byråkratane er det berre respondentar som jobbar i sentralforvaltninga som deltek i forvaltningspanelet, og dei aller fleste bur dermed i og rundt Oslo. Det er eit tydeleg skilje i Europa mellom kva folk som bur i byar synest om innvandring, versus folk som bur i rurale område. Dette kan riktig nok i større grad forklara av utdanningsnivå og yrke enn kvar ein bur (Maxwell 2019), men vi veit også at dei fleste respondentane i forvaltningspanelet har høgare utdanning og stabile jobbar (Bach et al. 2022). Når det gjeld journalistane er det ei kjent sak at dei gjennomsnittleg plasserer seg lenger til venstre ideologisk enn folket elles (Nordiske Mediedager 2021). Med omsyn til alder er det også den undergruppa med den yngste samansetjinga. Det er med å styre forventingane i same retning, fordi yngre generasjonar er meir liberale enn dei eldre (Norris og Inglehart 2019).

Politikarar i representative demokrati er ikkje representative i den form at dei reflekterer samansetjinga av menneske i befolkninga som om dei skulle vore tilfeldig utvalde. Dei er valde for å representere befolkninga *sjølv om* dei er ulike medborgarane på enkelte karakteristikkar. Tidlegare rundar av Norsk representantpanel har også vist at norske politikarar

2. Der er også andre mekanismar som m.a. er grundig behandla i gruppepsykologien. I setninga: «Prejudice is blind» summerer Sniderman opp innsikta om at fordommar mot ei ut-gruppe aukar sannsynet for fordommar mot ei anna (Sniderman et al. 2000).

er gode representantar for veljarane sine syn i spørsmål om å gje flyktningar opphaldsløyve (Peters et al. 2020, s. 24). Politikarane i Norsk representantpanel er i hovudsak folkevalde på lokalt nivå. Dei er ikkje så ulike befolkninga elles, men dei har høgare utdanningsnivå³. Det er dermed forventa at dei vil vere meir positive til inkludering samanlikna med medborgarane. Til forskjell frå lokalpolitikarane er det ikkje slik at journalistar eller sentralforvaltinga er tilsette for å representera befolkninga. Dei er i hovudsak valde til desse stillingane fordi dei har den kompetansen som krevst. Der er dermed fleire grunnar til å forventa at journalistane og byråkratane har meir liberale haldningar enn både politikarane og medborgarane.

H1a: Politikarane, journalistane og dei forvaltningstilsette er meir liberale enn medborgarane i spørsmål om inkludering av muslimske minoritetar.

H1b: Politikarane sine haldningar i desse spørsmåla ligg tettare opp mot medborgarane sine.

Oppfatning av opinion

Om der er eit misforhold mellom medborgarane og dei andre aktørane sine haldningar til inkludering av minoritetar: Kva har det å seie for representasjon? Dei som tek føre seg forholdet mellom oppfatning av opinion og politiske representantar si stemmegjeving, finn at oppfatninga av opinionen har konsekvensar for korleis politikarane stemmer i ulike spørsmål (Walgrave, Soontjens og Sevenans 2022; Butler og Nickerson 2011; Miller og Stokes 1963). Journalistar si oppfatning av opinionen har også konsekvensar for nyheitssakene dei lagar (Beckers et al. 2021; Gingras og Carrier 1996). «Byråkratisk makt» og skjønn er essensielle aspekt i forvaltning, og difor har mange lenge hevda at byråkratane sine haldningar, verdiar og meningar bør reflektere befolkninga sitt syn (Bradbury og Kellough 2011). Politikarar, journalistar og byråkratar sine oppfatningar av opinionen er såleis viktige.

Vi veit ein del om politikarar sine oppfatningar av opinionen. På den eine sida blir det peika på prosjeksjon. Esaiasson og Holmberg (1996) er tydelege i sin bodskap etter å ha studert svenske riksdagsmedlemmer: Svaret på kva som forklarar politikarar si oppfatning av opinionen er: 1) deira eiga mening, og 2) kor vidt dei sjølve er einige med veljarane. Blant dei som er einige med opinionen, hadde 85-90 prosent riktig oppfatning, og blant dei som ikkje var einige med opinionen, tok 60-70 prosent feil og trudde folk var einige med dei sjølve (1996, s. 134). Pereira (2021, s. 1315) gjør liknande funn: Når riksdagsmedlemmene er einige med majoriteten har dei korrekt oppfatning av opinionen i 9 av 10 tilfelle, og når dei meiner noko anna enn majoriteten tek dei feil i halvparten av tilfella. Denne projeksjonshypotesen er også godt dokumentert i sosialpsykologien (Mullen et al. 1985).

På den andre sida er der studiar som viser at både politikarar og journalistar har ein tendens til å overvurdere kor langt til høgre veljarane og lesarane plasserer seg, og kor konservativ politikk dei føretrekker (Walgrave et al. 2022 om politikarar i Belgia; Hopmann og Schuck 2021 om journalistar i Tyskland; Beckers et al. 2021 om journalistar i Belgia; Broockman and Skovron 2018 om politikarar i USA). Beckers et al. (2021) følgde opp journalistane frå studien sin for å høyre om dei hadde nokon teori om kvifor det var slik; journalistane meinte at dei over-estimerte kor langt til høgre folk står av to grunnar: For det første er dei sjølve klare over at dei står lenger til venstre enn folk flest, og difor forsøker dei å kompensere for dette. For det andre peikar dei på at der er ein «small, but noisy minority» på høgre-

3. Samanlikna med det veka utvalet (Fimreite og Ivarsflaten 2022, Tabell A1).

sida som tek stor plass i kommentarfelt og på Twitter. Ikkje berre er ytre-høgre diskurs svært synleg i kommentarfelt og på sosiale media (Åkerlund 2020 om Twitter i Sverige; Haans-huus og Jupskås 2017 om Facebook i Norge; Fladmoe, Steen-Johnsen og Enjolras 2022 om nettdebattantar i Norge), men omfattande studiar av tradisjonelle media i engelskspråklege land har vist at også dei har ein meir negativ tone i saker som handlar om muslimar, samanlikna med saker om både andre minoritetsgrupper og andre religiøse grupper (Bleich og Van der Veen 2021). Etter «direkte kontakt med medborgarar» er «tradisjonelle media» den viktigaste kjelda til informasjon om opinionen for belgiske politikarar (Walgrave et al. 2022). Det er rimeleg å forvente at kjeldene til oppfatning av opinion for gruppene som er studerte her liknar.

I spørsmål knytt til innvandring er det som nemnt forventa at politikarane, journalistane og byråkratane vil ha meir liberale haldningar enn befolkninga. Dei neste hypotesane handlar om kva dette har å seie for deira oppfatning av opinionen. Ifølgje projeksjonshypotesen vil politikarar, journalistar og forvaltningstilsette halle mot å tru at medborgarane er for inkludering. På den andre sida blir det peika mot at politikarar og journalistar overvurderer kor langt til høgre veljarane og lesarane plasserer seg, fordi dei veit at dei sjølv skil seg frå resten av befolkninga. H2a er formulert i tråd med det første perspektivet: projeksjon. H2b er basert på den same forventninga som H1b: Lokalpolitikarane er forventa å ha betre oppfatning av opinionen både fordi dei liknar meir på medborgarane (projeksjon) og fordi dei er folkevalde (å vite kva folk meiner er ein viktig del av vervet deira).

H2a: Politikarane, journalistane og dei forvaltningstilsette vil i større grad tolke opinionen i liberal retning enn medborgarane fordi dei projiserer sine eigne haldningar.

H2b: Politikarane har ei meir presis oppfatning av opinionen enn journalistane og dei forvaltningstilsette.

Metode, design og data

Gjennom internettbaserte spørjeundersøkingar har ein høve til å stille mange menneske dei same spørsmåla heilt på same måten. I denne datainnsamlinga er denne fordelen utnytta ved å stille dei same spørsmåla til fire utval på same tid. Spørsmålsstillinga var heilt lik for alle dei fire gruppene. Spørjeskjema til den koordinerte datainnsamlinga vart sendt ut til Norsk medborgerpanel, Norsk representantpanel, Norsk journalistpanel og Norsk forvaltningspanel i november 2020 (Ivarsflaten et al. 2020a, Ivarsflaten et al. 2020b, Ivarsflaten et al. 2021a, Ivarsflaten et al. 2021b).

Sidan det er forska lite på oppfatning av opinion, så veit vi også lite om korleis det er best å måle dette. Walgrave et al. (2022) ber politikarane om å vurdere nivået av støtte – kor mange prosent av befolkninga som er einige i konkrete politiske framlegg. Samtidig spør dei eit representativt utval av befolkninga om kva dei meiner om dei same framlegga. Dei samanliknar deretter den faktiske prosentdelen som støttar framlegget med politikarane sitt estimat. Designet som er brukt i denne artikkelen, fokuserer på det som har størst konsekvensar for politikk – nemleg om det er eit mindretal eller fleirtal for ulike saker. Det er den same tilnærminga som Esaiasson og Holmberg (1996) og Pereira (2021) har, men i dei svenske data blir politikarane både spurde om å vurdere fleirtalet blant veljarane *sine* og fleirtalet i befolkninga. Her blir dei berre spurde om fleirtalet i befolkninga.

Alle respondentane i alle dei fire utvala fekk spørsmål om to ulike tema – det første blir i resten av artikkelen kalla for «arrangementsspørsmålet» og det andre blir kalla for «stats-

støttespørsmålet». I kvar av dei fire utvala var respondentane delte i to. Halvparten fekk spørsmål om si eiga mening – svara her utgjer den første avhengige variabelen. Den andre halvparten vart beden om å vurdere om det er eit fleirtal eller mindretal i Noreg for dei same spørsmåla – det er den andre avhengige variabelen. Respondentane vart såleis ikkje spurde både om si eiga mening og om å vurdere fleirtalet si. Om ein spør same person om begge deler, er det fare for at ein svarar på det andre spørsmålet i tråd med det første. Det kan forsterke projeksjonseffekten.

Designet legg ikkje opp til å kunne teste om det er projeksjon som forklarar oppfatning av opinionen på individnivå. I staden er randomisering av respondentar i to grupper nytta for å utnytte fordelane ved eksperimentell kontroll til å seie noko om medborgarane, politikarane, journalistane og byråkratane sine eigne meningar på den eine sida, og den samanlagte oppfatninga av opinionen i kvar av dei fire panela på den andre sida. Sidan respondentane har blitt tilfeldig plasserte i den eine eller den andre eksperimentgruppa, kan ein med dette designet gå ut i frå at resultata frå dei som svara på spørsmål om oppfatning gjennomsnittleg ville vore dei same om det hadde blitt stilt til det utvalet som vart spurta om si eiga mening. Tabell 1 viser korleis respondentane i panela er fordelte på dei randomiserte gruppene.

Tabell 1. Fordeling av respondentar på eksperimentgrupper

	Norsk medborgerpanel (2.003)		Norsk representantpanel (1.121)		Norsk journalistpanel (373)		Norsk forvaltningspanel (1.089)	
	Eiga mening	Oppfatning av opinion	Eiga mening	Oppfatning av opinion	Eiga mening	Oppfatning av opinion	Eiga mening	Oppfatning av opinion
Spørsmål 1 (Arrangement)	976	1.027	574	547	184	189	516	573
Spørsmål 2 (Statsstøtte)	948	1.054	572	549	198	174	534	555

N brukt i analysane, «Ikke svart» er fjerna.

Bakgrunn for spørsmåla

Korleis dagens liberale demokrati kan bli meir inkluderande og kvar grensene for inkludering går, er tema i boka til Ivarsflaten og Sniderman, *The Struggle for Inclusion* (2022). Ved å studere majoritetsbefolkninga sine haldningar til inkludering av ein minoritet viser dei kor stor støtte det er for dette. Dei viser også at der er tydelege grenser for vilje til inkludering. Denne artikkelen bygger vidare på funna som blir lagde fram i den boka, men særleg tre ting er nye. For det første er Ivarsflaten og Sniderman (2022) sitt tidlegare arbeid avgrensa til medborgarar. For det andre er responskalaen endra i denne studien. Respondentane som svarte på spørsmål om si eiga mening, kunne berre velje mellom «ja» og «nei» medan tidlegare studiar nytta ein 5- eller 7-punkts Likert-skala. Dette grepet vart teke for å gjere det tydeleg om det er fleirtal eller mindretal for inkludering. For det tredje blir for første gong halvparten av respondentane ikkje spurde om si eiga mening, men om oppfatning av opinion. Den gruppa som vart spurta om å vurdere opinionen kunne velje mellom svaralternativa «eit fleirtal» og «eit mindretal»⁴.

4. I denne koordinerte datainnsamlinga vart det stilt to variantar av fire ulike spørsmål om dette temaet. I dei fleste spørsmåla er det fleirtal for inkludering blant medborgarane, men i dei to tilfellene som er trekta fram her er det

Det første spørsmålet dreier seg om samlings- og religionsfridom. Samlingsfridom er ein grunnleggande menneskerett (Grunnlova, § 101; EMK artikkel 11), og ifølgje likestillings- og diskrimineringslova (2017, § 6) er det straffbart å diskriminere på bakgrunn av religion i Noreg. Likevel har tidlegare forsking vist at eit fleirtal av medborgarane er i mot at muslimar skal få halde eit offentleg arrangement om innhaldet i arrangementet skapar konflikt mellom liberale verdiar (Ivarsflaten og Sniderman 2022, kapittel 7). Ei slik sentral konflikt dreier seg om likestilling mellom kjønn og retten ei religiøs gruppe har til å halde eit offentleg arrangement for å forkynne konservative forestillingar. Ordlyden var som følgjer. Teksten utanfor klammene vart vist til alle, medan teksten inne i klammene vart gitt til halvparten av respondentane i kvar av dei fire undergruppene:

Noen norske muslimer har bedt om tillatelse til å holde et offentlig arrangement for å forkynne konservative forestillinger om kvinnens stilling i Islam.

[Mener du at de bør få tillatelse til å holde et slikt arrangement? / Hva er din vurdering: Er det et flertall eller et mindretall i Norge som mener at de bør få tillatelse til å holde et slikt arrangement?]

Det andre spørsmålet handlar om at andre tradisjonar og kulturar enn majoriteten sine må bli anerkjende som verdifulle for at eit samfunn skal vere inkluderande. Der er fleire aspekt ved muslimar sine tradisjonar og kulturar som er vanskelege å akseptere for dei som er opptekne av liberale verdiar – slik som hierarki, patriarkat og religiøsitet (Ivarsflaten og Sniderman 2022, kapittel 3). Formuleringa var som følgjer, halvparten av respondentane i kvar av dei fire undergruppene fekk eitt av desse spørsmåla:

[Mener du at muslimers tradisjoner og kulturer skal få støtte fra staten her i landet? / Hva er din vurdering: Er det et flertall eller et mindretall i Norge som mener at muslimers tradisjoner og kulturer skal få støtte fra staten her i landet?]

Analyseplan og kontrollvariablar

Alle analysane som blir presenterte i resultatdelen, er gjorde på eit datasett der alle respondentane i alle dei fire undergruppene er samla. Det er så lagt inn ein variabel som indikerer kva for ein subpopulasjon respondenten hører til. Den første hypotesen blir vurdert basert på statistisk signifikante skilnader av resultat frå krysstabellar av kor mange som svarte ja på kvart spørsmål i kvar gruppe. Desse blir framstilte som stolpediagram med 95% konfidens-intervall. Om politikarane, journalistane og dei forvaltingstilsette seier signifikant meir «ja», og dermed svarar meir liberalt samanlikna med medborgarane, er den første hypotesen styrka. Den andre hypotesen blir også først testa med ein krysstabell, etterfølgt av ein logistisk regresjon for å kontrollere for om skilnadane mellom undergruppene kan forklara rast av sosiodemografi eller ideologi. Dei følgjande variablane er tekne med basert på det vi veit om kva som forklrar haldninga til innvandring. I analysen av kva som forklrar oppfatning av opinionen er dei alle interessante i minst eitt av spørsmåla. Dei to randomiserte gruppene i kvart panel scorar om lag likt på alle dei kontrollvariablane som er tekne med i regresjonsanalysane⁵.

Utdanning er koda som fullført ei universitets- eller høgskuleutdanning (1) og inga høgare

ikkje det. Dette skapar den spenninga som er nødvendig for å teste problemstillinga som blir teken opp i denne artikkelen. Resultata frå alle dei fire 2x2 eksperimenta er vedlagt.

5. Bakgrunnsvarablar for Norsk medborgerpanel er henta inn frå andre rundar (runde 17-20).


utdanning (0). Dette er variabelen som skil gruppene mest frå kvarandre, naturleg nok. Denne er dermed svært viktig av to grunnar, først fordi det er ein variabel som er forventa å ha sterk samanheng med haldninga til inkludering av muslimske minoritetar, og dernest fordi det er ein viktig skilnad mellom gruppene. I utvalet som er analysert her, har 62 prosent av medborgarane høgare utdanning. Det er fleire enn i befolkninga utvalet representerer. Dette er den variabelen som gjer Norsk medborgerpanel mest skeivt opp mot den faktiske befolkninga, og dette blir teke høgde for ved å bruke survey-vekt i krysstabellanalyseane av medborgerpanelet (Skjervheim et al. 2020). Utdanningsnivået i representantpanelet er litt høgare enn i medborgerpanelet; 69 prosent. I journalistpanelet er det 84 prosent, og 94 prosent i forvaltningspanelet. Dei tre undergruppepaneleta er ikkje vekta i nokon av analysane.

Kvinne er koda til 1 og mann til 0. Det er ganske god kjønnsfordeling i Norsk medborgerpanel og Norsk forvaltningspanel, medan det i representantpanelet og journalistpanelet er om lag 60 prosent menn. Generasjonsinndelinga er gjort med bakgrunn i dei fire generasjonskohortane Norris og Inglehart (2019, 35-37) identifiserer for å forklare endring i sosiale verdiar. Her har eg lagt vekt på skiljet mellom «Generasjon X» og «Millenials». Skiljet mellom generasjonane går på 1980, så dei som er fødde i 1979 blir rekna med i den eldre aldersgruppa og har fått verdien 1, medan dei som er fødde i 1980 og seinare har verdien 0. Aldersgruppene har vore studerte på tiår før eg landa på den grove inndelinga som er brukt her. Respondentane i medborger- og representantpanelet er dei eldste, over 80 prosent er her plasserte i «Boomers + Generasjon X». Det same er 78 prosent av forvaltningspanelet. Journalistpanelet har den yngste samansettinga, her er 35 prosent «Millenials + Generasjon Z».

Særleg Oslo-regionen er overrepresentert i Norsk forvaltningspanel, så denne regionen er skilt ut frå resten av landet for å unngå at forvaltningspanel-variabelen i regresjonsmodellane blir ein indikator på om respondenten bur i Oslo heller enn å vere tilsett i sentralforvaltninga. På same måte som generasjonsinndelinga, har også alle regionane blitt studerte før valet fall på denne enkle delinga. Dei som bur i Oslo har fått verdien 1, medan resten har 0. Ideologi viser til folk si eiga plassering på den politiske venstre-høgre-aksen. Denne skalaen går frå 0-10, men er omkoda til verdiar mellom 0 (venstre) og 1 (høgre).


Resultat

Aller først er spørsmålet om resultata frå tidlegare studiar av medborgarar let seg reproduksjon med den binære ja/nei-skalaen. Det viser figur 1 at dei gjer – det er tydelege mindretal for både arrangements- og statsstøttespørsmålet blant medborgarane. Det neste spørsmålet er: Er politikarane, journalistane og dei forvaltingstilsette meir positive til inkludering av muslimske minoritetar enn medborgarane? Ja, viser figur 1. I begge spørsmåla er skilnaden mellom medborgarane og politikarane, journalistane og dei forvaltingstilsette statistisk signifikant. I spørsmålet om muslimar skal få halde eit offentleg arrangement for å forkynne konservative førestillingar om kvinner si stilling i Islam, viser resultata at 3 av 10 medborgarar støttar dette. Til samanlikning er rundt halvparten av politikarane for, og eit tydeleg fleirtal blant journalistane og byråkratane. I spørsmålet om muslimar sine tradisjonar og kulturar skal få støtte frå staten er nesten 4 av 10 medborgarar for, medan det er signifikante fleirtal i dei tre andre gruppene. Politikarane, journalistane og byråkratane er altså meir liberale i spørsmål om inkludering av muslimske minoritetar enn medborgarane.



Figur 1. Andel som er for å tillate offentleg arrangement/støtte frå staten i kvar gruppe


Eit klart mindretal blant medborgarane er positive til inkludering, medan det er eit klart fleirtal som er positive blant journalistane og dei forvaltingstilsette. Politikarane ligg tettare på haldningane til medborgarane, men også her ser det ut til å vere fleirtal for i begge spørsmåla. Kva har dette å seie for politikarane, journalistane og byråkratane si oppfatning av opinionen? Det viser resultata frå gruppene som vart bedne om å vurdere om det er eit fleirtal eller mindretal i Noreg for dei same to spørsmåla. Vi veit no at riktig svar er eit mindretal. Figur 2 viser kor mange prosent som svarte dette i kvar av gruppene. I arrangementsspørsmålet har dei fleste korrekt oppfatning av opinionen i alle dei fire gruppene. I statsstøttespørsmålet har dei fleste medborgarane korrekt oppfatning, nesten 6 av 10 politikarar, og nærmere halvparten av journalistane og byråkratane.



Figur 2. Andel som trur eit mindretal er for å tillate offentleg arrangement/støtte frå staten i kvar gruppe

Representantpanelet, journalistpanelet og forvaltningspanelet representerer delar av befolkninga som har høgare utdanning, er yngre, er busette i meir urbane område og plasserer seg lenger til venstre ideologisk enn medborgerpanelet. Figur 3 viser kor vidt dette er med å forklare skilnaden i oppfatning av opinionen. Koeffisientestimata er resultat av tre stegvise logis-

tiske regresjonar for kvart av dei to spørsmåla⁶. Dei avhengige variablane er vurdering av opinionen. Verdien 1 indikerer svaret «eit fleirtal», og 0 «eit mindretal». Den første modellen viser det same som figur 2: Skilnaden mellom oppfatninga til dei fire gruppene utan at andre variablar er kontrollerte for. Representantpanelet er ikkje signifikant forskjellig frå medborgerpanelet i det første spørsmålet, men det er dei to andre panela når det ikkje er teke høgde for andre kontrollvariablar⁷. I det andre spørsmålet trur både politikarane, journalistane og dei forvaltingstilsette i større grad enn medborgarane at det er eit fleirtal *for*. I modell 2 er dei sosiodemografiske variablane lagde til. For arrangementsspørsmålet viser den at kvinner trur eit mindretal er for i større grad enn menn, og både den eldre generasjonen og dei som bur i Oslo trur eit fleirtal er for i større grad enn referansegruppa. Her er ikkje utdanning statistisk signifikant. For statsstøttespørsmålet viser figuren at utdanning og generasjon er viktige forklaringsvariablar for oppfatning av opinionen. Dei med høgare utdanning trur det er eit fleirtal for dette spørsmålet, medan den eldre generasjonen trur det er eit mindretal for. I dette spørsmålet skil ikkje kvinner eller dei som bur i Oslo seg frå referansekategoriene. I modell 3 er ideologi også lagt til. Resultata viser at dei som plasserer seg til høgre ideologisk i mykje større grad trur at det er eit mindretal for i statsstøttespørsmålet, men ideologi er ikkje statistisk signifikant i arrangementsspørsmålet. Når sosiodemografiske variablar og ideologi er lagt til modellen, er ikkje panel statistisk signifikant i arrangementsspørsmålet. I statsstøttespørsmålet ser derimot panelvariabelen ut til å forklare skilnader i oppfatning av opinion.



Figur 3. Logistisk regresjon, oppfatning av opinion i spørsmål om å tillate offentleg arrangement/støtte frå staten

-
- 6. Tilsvarande tabellar er vedlagt.
 - 7. Survey-vekt blir ikkje brukt i regresjonsanalysane då alle variablane i denne vekta er inkluderte i modell 2 og 3. Det forklarar skilnaden i signifikansnivå frå figur 2 til modell 1 i figur 3.

Diskusjon

Som forventa viser resultata at det er eit mindretal av medborgarane som støttar både at norske muslimar skal få halde eit offentleg arrangement for å forkynne konservative førestillingar om kvinner i islam, og at muslimar sine tradisjonar og kulturar burde få støtte frå staten her i landet. At det er mindretal for desse to spørsmåla blant medborgarane, skuldast dei spisse spørsmålsformuleringane. Dette veit vi med bakgrunn i resultat frå surveyeksperiment med «mildare» formuleringar, som rapportert i *The Struggle for Inclusion* (Ivarsflaten og Sniderman 2022). Dei viser at det er fleirtal i Norsk medborgerpanel for at muslimar skal få halde eit offentleg arrangement for å forkynne *islamske verdiar* (2022, s. 114), og at muslimar har rett til å få kulturen sin *respektert* (2022, s. 48). Dei variantane av spørsmåla som vart spurde om her derimot, er det ikkje eit fleirtal for blant medborgarane. Politikarane, journalistane og dei forvaltingstilsette på si side er som forventa meir liberale enn medborgarane. Den første hypotesen – H1a – er støtta.

H1b handla om at politikarane sine haldningar ligg tettare opp mot medborgarane sine. Norsk representantpanel består hovudsakleg av lokalpolitikarar. Dei har som regel ikkje politikken som sitt primære arbeid, og liknar meir på befolkninga elles enn journalistane og byråkratane. Det er difor rimeleg at haldningane til politikarane ligg tettare opp mot medborgarane sine enn dei to andre undergruppene. Det er viktig å merke seg at det representantpanelet vi har med å gjere her ikkje kan samanliknast heilt med studiar av politikrar i andre land, då dei gjerne ser på karrierepolitikarar og nasjonale representantar som har politikken som sitt hovudarbeid. Samanlikna med journalistane og dei forvaltingstilsette, liknar politikarane i Norsk Representantpanel meir på medborgarane dei representerer. Samtidig er det verdt å merke seg at politikarane sine haldningar faktisk ligg tettare opp til journalistane og byråkratane sine enn medborgarane sine. Det er ikkje statistisk signifikant skilnad mellom dei tre undergruppene i nokon av spørsmåla. Trass ei meir lik aldersfordeling som medborgerpanelet i representantpanelet, og at der er få respondentar i representantpanelet som bur i Oslo, liknar altså politikarane sine haldningar til inkludering av muslimske minoritetar meir på journalistane og byråkratane sine enn medborgarane sine. Utdanningsnivået til representantane er høgare enn befolkninga, så noko av forklaringa kan ligge der. Sjølv om politikarane sine haldningar i desse spørsmåla ligg tettare opp mot medborgarane sine – slik H1b var formulert – er ikkje resultata tydelege nok til å slå fast at hypotesen er støtta.

Fleirtalet blant politikarane, journalistane og dei forvaltingstilsette seier «ja» og plasser seg dermed på liberal side når dei svarar på eigne vegner. Likevel viser resultata frå denne studien at fleirtalet oppfattar opinionen som konservativ i arrangementsspørsmålet. Rundt halvparten trur det er eit mindretal for statsstøttespørsmålet. Sett opp mot medborgarane er det signifikant færre som har korrekt oppfatning av opinionen i statsstøttespørsmålet blant politikarane, journalistane og byråkratane. H2a er delvis støtta. Sjølv om dei tre undergruppene tek meir feil om opinionen enn medborgarane, er ikkje projeksjonseffekten heilt dominande. I staden for at alle trur fleirtalet er einige med dei sjølve, svarar fleire av politikarane, journalistane og dei forvaltingstilsette at dei trur det er eit mindretal for inkludering i desse spørsmåla. Resultata indikerer dermed at norske politikarar, journalistar og byråkratar har tilgang til og tar inn informasjon om at medborgarane er meir konservative enn det dei sjølve er i desse spørsmåla. Korleis dei opparbeider denne kjennskapen, og kor langt den strekk seg, må utforskast meir i andre studiar.

Sidan det er første gong haldningar blant folkevalde, journalistar og forvaltningsa blir sett opp mot kvarandre direkte, var forventningane til korleis gruppene ville skilje seg frå kvarandre baserte på bakgrunnskarakteristikkane til individua i dei tre undergruppene. Sidan

politikarane er valde for å representera befolkninga, i motsetning til journalistane og byråkratane, var det forventa at dei skulle ha ei betre oppfatning av opinionen enn journalistane og forvaltninga. I arrangementsspørsmålet ser det ut til at politikarane gjer det betre enn journalistane og byråkratane, men dette er ikkje statistisk signifikant. I statsstøttespørsmålet ligg resultata frå representantpanelet tettare på journalistpanelet og forvaltningspanelet, og er signifikant lågare enn medborgerpanelet. H2b er ikkje støtta: Politikarane har ikkje ei meir presis oppfatning av opinionen enn journalistane og dei forvaltningsstilsette.

Likevel må det understrekast at i alle gruppene har dei fleste riktig oppfatning av fleirtalet i arrangementsspørsmålet, og halvparten eller meir har rett i statsstøttespørsmålet. Det er altså slik at projeksjonseffekten er avgrensa i alle tre undergruppene. På same tid er her tydelege indikasjonar i datamaterialet på at projeksjonshypotesen har noko føre seg når det gjeld å predikere oppfatning av opinion. For det første har dei aller fleste medborgarane korrekt oppfatning av opinionen – 80 prosent i det første spørsmålet og 76 prosent i det andre. Det er som forventa med bakgrunn i projeksjonshypotesen. For det andre er koeffisientestimata for kontrollvariablane frå modell 2 og 3 i Figur 3 også i tråd med forventingane til projeksjon.

Konklusjon

Det kan ha uheldige konsekvensar for representasjon om det stemmer at «på seg sjølv kjenner ein andre». Om politikarane, journalistane og byråkratane verkeleg har ei dårleg oppfatning av kva folk meiner – slik populistane hevdar, er det kanskje grunn til bekymring. Denne artikkelen slår fast at norske politikarar, journalistar og byråkratar har meir liberale haldningar enn befolkninga elles i spørsmål om inkludering av muslimar. Dette temaet eignar seg difor godt til å teste kor god oppfatning dei har av opinionen. Dette var utgangspunktet for analysen. Om ein går ut i frå at «på seg sjølv kjenner ein andre» (projeksjonshypotesen), er ikkje vurdering av fleirtalet ei vanskeleg oppgåve for medborgarane i dei spørsmåla som er analyserte her. Sidan eit klart fleirtal av medborgarane svarar «nei» i begge spørsmåla om inkludering, vil projeksjon gi riktig svar i spørsmål om oppfatning av opinion. Resultata som vart lagde fram her viser også at medborgarane i stor grad har riktig oppfatning – på aggregert nivå. For dei andre gruppene er spørsmålet om oppfatning av opinionen langt meir krevjande. Deira eigne haldningar er i liberal retning på aggregert nivå. Dersom dei projiserer, vil dei fleste svare feil på spørsmålet om kva fleirtalet i befolkninga meiner.

Resultata har vist at når norske politikarar, journalistar og forvaltningstilsette blir sett på denne vanskelege prøva, så er det langt fleire som har korrekt oppfatning enn det som er forventa ut frå projeksjonshypotesen. Rett nok er det nokre i desse nøkkelgruppene som trur at medborgarane sine haldningar liknar deira eigne, men det er ikkje hovudfunnet i denne artikkelen. Resultata som er lagde fram her indikerer at norske politikarar, journalistar og byråkratar har tilgang til, og tar inn informasjon om, at medborgarane er meir konservative enn det dei er sjølve. Det er eit godt teikn for det norske demokratiet. Ein kan ikkje dra konklusjonar om kvifor det er slik basert på det datamaterialet som vart samla inn i denne runden, men det er eit steg i retning av ei betre forståing av ulike grupper sine oppfatningar av opinionen.

Dei funna som har blitt lagde fram her fortel ikkje heile historia om verken medborgarane, politikarane, journalistane eller byråkratane sine oppfatningar av opinionen. Der er mange interessante problemstillingar å grave i for å lære meir om kven som har korrekt oppfatning av fleirtalet og ikkje, og ikkje minst kvifor det er slik. Det er utanfor omfanget for denne artikkelen, men er noko framtidige studiar bør ta føre seg. Med paneldata er det mogeleg å setje opp eit design for å utforske kor vidt oppfatning av opinion faktisk

relaterer til eiga meinung utan å spørje same respondent om både kva dei sjølve meiner og å vurdere opinionen i same spørjeundersøking. Då kan ein evaluere projeksjonshypotesen meir direkte – på individnivå.

Den koordinerte datainnsamlinga som artikkelen er basert på, har opna for mange nye, spennande spørsmål rundt kjerneaktørane i demokratiet. Mistillit til politikarar, media og «styrande elitar» er tilsynelatande eit veksande problem i representative demokrati, og får dermed mykje merksemd i samfunnsdebatten og litteraturen. Funna som er lagt fram her støttar ikkje opp om populistiske aktørar si bekymring for «elitar» si manglande forståing for kva «folket» ønsker, men peikar heller i ei meir lovande retning for liberale demokrati. Dette er store og viktige spørsmål å følgje med på vidare, og då vil fleire studiar av oppfatning av opinion som ser på kor langt funna her let seg generalisere, vere viktige bidrag.

Litteratur

- Bach, T., Lindén, T., Trondal, J., Windswold, M. og Aars J. (2022) Hvorfor trenger vi en infrastruktur for norsk forvaltningsforskning?, *Norsk statsvitenskapelig tidsskrift*, 38(4), DOI <https://doi.org/10.23943/princeton/9780691159423.001.0001>
- Bail, C. (2014). Terrified: How anti-Muslim fringe organizations became mainstream. Princeton University Press. <https://doi.org/10.23943/princeton/9780691159423.001.0001>
- Barrett, E. J. (1995). The role of public opinion in public administration. *The Annals of the American Academy of Political and Social Science*, 537(1), 150-162. <https://doi.org/10.1177/0002716295537000013>
- Beckers, K., Walgrave, S., Wolf, H. V., Lamot, K., & Van Aelst, P. (2021). Right-wing bias in journalists' perceptions of public opinion. *Journalism Practice*, 15(2), 243-258. <https://doi.org/10.1080/17512786.2019.1703788>
- Berntzen, L. E. (2019). *Liberal roots of far right activism: The Anti-Islamic movement in the 21st Century*. Routledge. <https://doi.org/10.4324/9780429275012>
- Bleich, E. (2011a). *The freedom to be racist?: How the United States and Europe struggle to preserve freedom and combat racism*. Oxford University Press.
- Bleich, E. (2011b). What is islamophobia and how much is there? theorizing and measuring an emerging comparative concept. *American behavioral scientist*, 55(12), 1581–1600. <https://doi.org/10.1177/0002764211409387>
- Bleich, E., & Van der Veen, M. (2021). *Covering Muslims: American Newspapers in Comparative Perspective*. Oxford University Press.
- Bradbury, M., & Kellough, J. E. (2011). Representative bureaucracy: Assessing the evidence on active representation. *The American Review of Public Administration*, 41(2), 157- 167. <https://doi.org/10.1177/0275074010367823>
- Broockman, D. E., & Skovron, C. (2018). Bias in perceptions of public opinion among political elites. *American Political Science Review*, 112(3), 542-563. <https://doi.org/10.1017/S0003055418000011>
- Butler, D. M., & Nickerson, D. W. (2011). Can learning constituency opinion affect how legislators vote? Results from a field experiment. *Quarterly Journal of Political Science*, 6(1), 55-83. <https://doi.org/10.1561/100.00011019>
- Ceobanu, A. M., & Escandell, X. (2010). Comparative analyses of public attitudes toward immigrants and immigration using multinational survey data: A review of theories and research. *Annual review of sociology*, 36, 309-328. <https://doi.org/10.1146/annurev.soc.012809.102651>
- Dražanová, L. (2022). Sometimes it is the little things: A meta-analysis of individual and contextual determinants of attitudes toward immigration (2009–2019). *International Journal of Intercultural Relations*, 87, 85-97. <https://doi.org/10.1016/j.ijintrel.2022.01.008>
- EMK – Den europeiske menneskerettskonvensjonen. (1950). Artikkel 11 – Møte- og foreningsfrihet.

- Protokoll nr. 11 til Konvensjon om beskyttelse av menneskerettighetene og de grunnleggende friheter, med endring av kontrollsystemet som er opprettet i Konvensjonen ETS nr. 155. Henta frå: https://lovdata.no/dokument/TRAKTAT/traktat/1994-05-11-1/KAPITTEL_1#KAPITTEL_1
- Esaiasson, Peter, and Sören Holmberg. 1996. Representation from Above: Members of Parliament and Representative Democracy in Sweden. Aldershot, UK: Dartmouth
- Fimreite, A. L. og Ivarsflaten, E. 2022, Nye perspektiver på det norske demokratiets kjerneinstitusjoner, *Norsk statsvitenskapelig tidsskrift. DOI*
- Fladmoe, A., Steen-Johnsen, K., & Enjolras B. (2022). Hvem deltar i den nye offentligheten? Aktive nettdebattanter og deres holdninger. I M. Mangset, A. H. Midtbøen & K. Thorbjørnsrud. (Red.), *Ytringsfrihet i en ny offentlighet* (s. 76-94). Oslo: Universitetsforlaget. <https://doi.org/10.18261/9788215051017-2022-04>
- Gingras, A. M., & Carrier, J. P. (1996). Public opinion: Construction and persuasion. *Canadian Journal of Communication*, 21(4). <https://doi.org/10.22230/cjc.1996v21n4a959>
- Grunnlova. (2020). Kongeriket Noregs grunnlov, § 101. Henta frå <https://lovdata.no/lov/1814-05-17-nn/S101>
- Haanshuus, B. P., & Jupskås, A. R. (2017). Høyreklikk! En analyse av ytre høyre på sosiale medier i Norge. *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 58(2), 145-165. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-291X-2017-02-01>
- Hooghe, L. and G. Marks (2018). Cleavage theory meets Europe's crises: Lipset, Rokkan, and the transnational cleavage. *Journal of European public policy*, 25(1), 109–135. <https://doi.org/10.1080/13501763.2017.1310279>
- Hopmann, D. N., & Schuck, A. R. (2021). Journalists' Misjudgement of Audience Opinion. *The International Journal of Press/Politics*. <https://doi.org/10.1177/19401612211052297>
- Inglehart, R. & Norris, P. (2017). Trump and the populist authoritarian parties: the silent revolution in reverse. *Perspectives on Politics*, 15(2), 443–454. <https://doi.org/10.1017/S1537592717000111>
- Ivarsflaten, E., & Sniderman, P. M. (2022). *The Struggle for Inclusion: Muslim Minorities and the Democratic Ethos*. University of Chicago Press.
- Ivarsflaten, E., Blinder, S. & Bjånesøy, L. (2019). How and why the populist radical right persuades citizens. In *The Oxford Handbook of Electoral Persuasion*. Oxford University Press. <https://doi.org/10.1093/oxfordhb/9780190860806.013.50>
- Ivarsflaten, E., Skjervheim, Ø., Bjørnebekk, O., Eikrem, A., Wettergreen, J., Høgestøl, A., (...) Doran, R. (2020a). Norsk medborgerpanel runde 19, 2020 [Datasett]. Data tilgjengeleg frå SAFE ved UiB, (v-102, siste tilgang 07.04.22).
- Ivarsflaten, E., Skjervheim, Ø., Bjørnebekk, O., Eikrem, A., Wettergreen, J., Høgestøl, A., (...), Dahl, S. H. (2020b). Norsk representantpanel runde 4, 2020 [Datasett]. Data tilgjengeleg frå SAFE ved UiB, (v-102, siste tilgang 07.04.22).
- Ivarsflaten, E., Skjervheim, Ø., Bjørnebekk, O., Eikrem, A., Wettergreen, J., Høgestøl, A., (...), Dahl, S. H. (2021a). Norsk journalistpanel runde 1, 2020 [Datasett]. Data tilgjengeleg frå SAFE ved UiB, (v-100, siste tilgang 07.04.22).
- Ivarsflaten, E., Skjervheim, Ø., Bjørnebekk, O., Eikrem, A., Wettergreen, J., Høgestøl, A., (...), Dahl, S. H. (2021b). Norsk forvaltningspanel runde 1, 2020 [Datasett]. Data tilgjengeleg frå SAFE ved UiB, (v-101, siste tilgang 07.04.22).
- Knudsen E, Dahlberg S, Iversen MH, et al. (2021) How the public understands news media trust: An open-ended approach. *Journalism*, 23(11), 2347–2363. <https://doi.org/10.1177/14648849211005892>
- Kriesi, H. (2014). The Populist Challenge, *West European Politics*, 37(2), 361-378. <https://doi.org/10.1080/01402382.2014.887879>
- Kriesi, H., E. Grande, R. Lachat, M. Dolezal, S. Bornschier, & T. Frey (2008). West European


- politics in the age of globalization. Cambridge University Press. <https://doi.org/10.1017/CBO9780511790720>
- Krueger, J. & Russell W. C. (1994). The Truly False Consensus Effect: An Ineradicable and Egocentric Bias in Social Perception. *Journal of Personality and Social Psychology*, 67(4), 596-610. <https://doi.org/10.1037/0022-3514.67.4.596>
- Likestillings- og diskrimineringsloven. (2017). Lov om likestilling og forbud mot Diskriminering, § 6. Henta frå <https://lovdata.no/lov/2017-06-16-51/S6>
- Maxwell, R. (2019). Cosmopolitan immigration attitudes in large European cities: Contextual or compositional effects?. *American Political Science Review*, 113(2), 456-474. <https://doi.org/10.1017/S0003055418000898>
- Miller, W. E., & Stokes, D. E. (1963). Constituency influence in Congress. *American political science review*, 57(1), 45-56. <https://doi.org/10.2307/1952717>
- Mudde, C. & Kaltwasser, C. R. (2017). *Populism: A very short introduction*. Oxford University Press. <https://doi.org/10.1093/acrade/9780190234874.001.0001>
- Mullen, B., Atkins, J. L., Champion, D. S., Edwards, C., Hardy, D., Story, J. E., & Vanderklok, M. (1985). The false consensus effect: A meta-analysis of 115 hypothesis tests. *Journal of Experimental Social Psychology*, 21(3), 262-283. [https://doi.org/10.1016/0022-1031\(85\)90020-4](https://doi.org/10.1016/0022-1031(85)90020-4)
- Müller, J.-W. (2016). *Hva er populisme? : et essay*. Heinesen forlag.
- Nordiske Mediedager. (2021). *Medieundersøkelsen*, utført av Respons. Henta frå https://kyber.blob.core.windows.net/nmd/3350/medievaner-og-koronapandemi_alle-grupper_rapport_2021.pdf
- Norris, P., & Inglehart, R. (2019). *Cultural backlash: Trump, Brexit, and authoritarian populism*. Cambridge University Press. <https://doi.org/10.1017/9781108595841>
- Pereira, M. M. (2021). Understanding and reducing biases in elite beliefs about the electorate. *American Political Science Review*, 115(4), 1308-1324. <https://doi.org/10.1017/S000305542100037X>
- Peters, Y., Broderstad, T. S., Fumarola, A. Helliesen, M.S & Panov, T. (2020). *Representantpanelet: Resultater fra andre runde*. Vitenskapelig rapport, 24.01.2020. https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/per_2_report_02-2020.pdf
- Ross, L., Greene, D. & House, P. (1977). The «false consensus effect»: An egocentric bias in social perception and attribution processes. *Journal of experimental social psychology* 13(3), 279–301. [https://doi.org/10.1016/0022-1031\(77\)90049-X](https://doi.org/10.1016/0022-1031(77)90049-X)
- Sevenans, J., Soontjens, K., & Walgrave, S. (2021). Inequality in the public priority perceptions of elected representatives. *West European Politics*, 1-24. <https://doi.org/10.1080/01402382.2021.1928830>
- Skjervheim, Øivind, Asle Høgestøl, Olav Bjørnebekk, Amund Eikrem & Joachim Wettergreen. (2020). Norwegian Citizen Panel 2020, Nineteenth Wave Methodology report. Norsk Medborgerpanel, Ideas2Evidence. December 2020. https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/ncp_documentation_report_wave_19.pdf
- Sniderman P. M., Peri P., De Fiueiredo R. J. P. Jr. & Piazza T. (2000). *The Outsider: Prejudice and Politics in Italy*. Princeton, NJ: Princeton University Press.
- Walgrave, S., Soontjens, K. & Sevenans J. (2022). *Politicians' Reading of Public Opinion and its Biases*. Oxford University Press.
- Østby, L. & Dalgard A. B. (2017, 22. november). *4 prosent muslimer i Norge?* SSB. <https://www.ssb.no/befolking/artikler-og-publikasjoner/4-prosent-muslimer-i-norge-329115>
- Åkerlund, M. (2020). The importance of influential users in (re) producing Swedish far-right discourse on Twitter. *European Journal of Communication*, 35(6), 613-628. <https://doi.org/10.1177/0267323120940909>

Appendix

Tabell A1. Tabell som korresponderer med figur 3: Logistisk regresjon, oppfatning av opinion i spørsmål om å tillate offentleg arrangement/støtte frå staten

	Avhengig variabel: Oppfatning av fleirtalet. 0 = eit mindretal, 1 = eit fleirtal					
	Arrangement			Statsstøtte		
Forvaltningspanelet	0.302*	0.075	0.070	0.696***	0.460**	0.448**
	(0.178)	(0.196)	(0.196)	(0.170)	(0.184)	(0.186)
Journalistpanelet	0.444	0.306	0.289	0.670**	0.405	0.364
	(0.278)	(0.287)	(0.288)	(0.263)	(0.274)	(0.276)
Representantpanelet	0.099	0.169	0.162	0.500***	0.506***	0.481***
	(0.178)	(0.184)	(0.184)	(0.163)	(0.170)	(0.171)
Universitetsutdanning		0.173	0.160		0.646***	0.621***
		(0.175)	(0.176)		(0.168)	(0.170)
Kvinne	-0.466***	-0.481***			0.025	-0.025
	(0.148)	(0.150)			(0.138)	(0.139)
Baby boomers + X	0.218	0.228			-0.588***	-0.525***
	(0.187)	(0.187)			(0.163)	(0.165)
Oslo	0.668***	0.665***			0.085	0.068
	(0.187)	(0.187)			(0.183)	(0.184)
Ideologi		-0.233				-1.073***
		(0.301)				(0.285)
Konstant	-1.137***	-1.349***	-1.219***	-0.815***	-0.801***	-0.266
	(0.109)	(0.237)	(0.290)	(0.103)	(0.216)	(0.258)
Observasjonar	1,024	1,024	1,024	984	984	984
Log Likelihood	-592.576	-580.605	-580.306	-644.641	-629.314	-622.118
Akaike Inf. Crit.	1,193.152	1,177.211	1,178.612	1,297.281	1,274.629	1,262.236

* $p<0.1$; ** $p<0.05$; *** $p<0.01$

Figur A2. Resultat fra alle spørsmåla om inkludering av muslimske minoriteter, eiga meinung**Figur A3.** Resultat fra alle spørsmåla om inkludering av muslimske minoriteter, oppfatning av opinion